PIPER/ELDSTADER
SAKSHANDSSAMINGSREGLAR

Nye bygningar:
Pipe og montering av eldstad i ny bygning er søknadspliktig tiltak, jfr. pbl. § 93 e. Søknad om dette inngår som oftast som ein del av søknaden for heile tiltaket og ansvarsretten må plasserast som ein del av ansvarsfordelinga i tiltaket.

Sjølvbyggarar:
For hus og hytter i tiltaksklasse 1, kan "sjølvbyggarar til eige bruk" få ansvarsrett. Dette vil også gjelde for piper/eldstader dersom "sjølvbyggaren" kan dokumentere/sannsynlegjere at han har tilstrekkelege kvalifikasjoner, jfr. GOF § 17.2. Eksempel på slik dokumentasjon kan t.d. vere kursbevis frå "Leca-kurs" eller at vedkomande har kompetanse innafor fagfeltet. Ved tiltak som gjeld montering (t.d. stålrøyrspiper), må søkjar/utførande stadfeste at monteringsrettleiing vil bli fylgt. Skjema "Søknad om ansvarsrett" skal nyttast også for sjølvbyggarar og det må sendast inn "Kontrollerklæring" når arbeidet er utført.

Eksisterande bygningar:

Ny pipe/rehabilitering av pipe – søknadspliktig tiltak.
(Reparasjon/oppmuring av pipe over tak er unnateke søknad/meldeplikt)
Det må sendast inn søknad og skjema "søknad om løyve til tiltak" skal nyttast.
Det må leggast med vedlegg med skildring av korleis pipe skal byggast og med teikning som syner plassering.
Det er krav til ansvarsrett, jfr. også det som står ovanfor under "nye bygningar" vedr. sjølvbyggarar.

Montering av ny eldstad og "øvrige tiltak som gjeld eldstad" er unnateke søknadsplikt dersom arbeidet vert kontrollert av "kvalifisert kontroll", jfr. SAK § 5.
"Øvrige tiltak" er m.a. oppføring av brannmur, innmuring av pipestuss, fundamentering av peis o.l.
Dersom sjølvbyggaren kan dokumentere/sannsynligjere at han har tilstrekkelege kvalifikasjoner, kan han utføre kontrollen sjølv, jfr. GOF § 17.2.
Dersom ikkje, må kontrollen utførast av foretak som har sentral godkjenning eller som tilfredstiller vilkåra for relevant ansvarsrett, jfr. SAK § 5. Det er ikkje krav om at kontrolløren må ha ansvarsrett (sentral/lokal godkjenning), men han må vere kvalifisert
(Feiervesenet kan også utføre slik kontroll, men Setesdal Brannvesen IKS utfører ikkje slik teneste)
Den kontrollerande skal fylle ut skjema for "Kontrollerklæring for innstallering av eldstad i eksisterande bustad", utarbeidd av Setesdal Brannvesen IKS.
Skjemaet/kontrollerklæringa skal oppbevarast av bygningens eigar slik at den kan leggast fram ved ein evt. kontroll/tilsyn, jfr. SAK §35.
Det er tiltakshavar (eigar) som er ansvarleg for at eldstaden er i samsvar med lover og føresegner og evt. sanksjonar skal rettast mot denne (ikkje kontrolløren)
Ved montering/endring av eldstad, har eigar av bygningen ansvar for at melding vert sendt Setesdal Brannvesen, jfr. "Forskrift om brannforebyggende tiltak og brannsyn" § 2-4. Det skal nyttast eige skjema for dette (Setesdal Brannvesen).

Naudsynt vedlikehald av eldstad er unnateke søknad/meldeplikt. Det same gjeld reparasjon og reinstallering av eldstad. (Med reinstallering meines eldstad som vert teken ut og monterast tilbake på same plass)